



KVINNHERAD BYGG AS

Seimsvegen 140

5472 SEIMSFLOSS

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref.  | Dykkar ref. | Dato       |
|---------------|---------------------|-----------|-------------|------------|
| Svein Marken  | 952 12 653          | 2022/1074 |             | 02.02.2022 |

## Mangelbrev – 4 stk tomannsbustader - 123/425

Viser til søknad, journalført 26.01.2022.

### 1.Situasjonsplan.

Frå situasjonsplanen er det vist innbyrdes avstand mellom dei 4 bygningane på høvesvis 5,5m,7m og 6.5m. Mellom lave byggverk skal det vera minimum 8,0 m innbyrdes avstand, med mindre det er gjort tiltak for å hindra spreiding av brann mellom byggverka i løpet av den tida som krevst for rømming og redning i det andre byggverket. Ref. TEK 17, kap. 11.

Det er ikkje søkt unntak frå TEK17, og ein tek dette som stadfesting på at naudsynte tiltak mot brannspreiding vert ivareteke.

Carportar og parkering er vist i kart inkludert faresone H370. Høgspentanlegget er lagt om, og hensynssona er soleis ikkje relevant for staden.

### 2.Avløp.

Det er ikkje søkt om tilkopling til offentleg avløp for tiltaket.

Ansvarleg røyrleggjar føretak lyt søkja Eining vatn og avløp om tilkopling, ein søknad pr. bueining.

### 3.Mur

Etter reguleringsplan føresegn § 2.7;

*I arealføremål anna veggrunn (o\_VT) og BKS2 kan det etablerast støttemur i naturstein mot/på BKS2. Mur skal maksimalt ha gjennomsnittleg høgde på 5m. På topp av mur/fylling må det settast opp gjerde. Topp mur skal maksimalt vere på kote 57.*

Gjennomføringsplanen syner føretak med sentral godkjenning i tiltaksklasse 1 på grunnarbeid/muring og landskapsutforming.

Terrangprofil syner murar/oppfylling frå eksisterande terreng med inntil 5m høgd. Dette er i tiltaksklasse 2 både for prosjektering og utføring. Ref. SAK 10,kap.13-5.

Det vert også sett krav om uavhengig kontroll på prosjektering mur.

De lyt opplyse saka med oppdatert gjennomføringsplan og ansvarsrettar.

#### **4. Avfallsplan**

Tiltakets størrelse gjer at det er krav om avfallsplan.

De lyt opplyse saka på dette punktet

De kan senda dokumentasjon som manglar til kommunen i posten eller elektronisk til [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no). Merk saken med saksnummer 2022/1074. Når vi har motteke dokumentasjonen er søknaden fullstendig og kan handsamast.

Dersom vi ikkje har motteke dokumentasjon som manglar innan 1 månad vert saka avslutta og arkivert.

Byggearbeid kan ikkje settast i gang før søknaden er handsama.

Har de spørsmål?

De finn meir informasjon på heimesida vår <https://www.kvinnherad.kommune.no/>

De kan også ta kontakt med oss på e-post [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no). Husk å merka e-posten med saksnummer 2022/1074. Vi har telefonvakt tysdag – torsdag frå 09:00 – 15:00.

Med helsing

Byggesaksavdelingen

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*